

Hattestad med Høgsveen (gnr. 17 og 18)

Hattestad: Gardnamn som O. Rygh tolkar slik:
”Hattarstadir, hvori 1ste Led sandsynlig er Hattar, Gen. af et gammelt Mandsnavn Hattr. Der gives flere Stedsnavne, som tyde paa, at dette engang har været brugt. Hattestad findes foruden her ogsaa i Hegre og på Inderøen.”
Skrivemåten ”Hattestad” har for gnr. 18 Hattestad i Fåberg vore uvanleg stø og mest utan avvik dei siste 300 år.

Av dei eldste minne om manns ferd her på Hattestad er elles fornfunn, visstnok gravfunn frå yngre jernalder, der gravgodset m.a. var eit økseblad, eit sigdblاد, ei rangle og ei prydeleg likearma bronsespenne.

I skrivne kjelder vil ein finne garden omhandla i Aslak Bolts jordebok frå kring 1450. Namnet er da skrive ”Hattestadha”, og garden låg da til erkebispesetet i Nidaros, men vart brukt under garden Hov i Vingrum.

I skattelista for Gjengjerden 1528 er det under Fåberg ført ein gard av namn Haraldstad, som truleg er skrivefeil for Hattestad. Brukaren heite Amund, og han svara den utlikna ekstraskatten med 1 lodd sølv. Frå kring år 1600 er det så oftare fortalt at iallfall ein del av Hattestad, Hattestad ødegård, framleis vart brukt under Hov. Grunnen var sikkert at Hov, som da var ein av dei største gardane i bygda, trong nye slåtte- og beiteland for å kunne ha for og beite nok til den store bølingen. I 1615-16 er det vidare fortalt at brukaren på Hov da heitte Iver Andersen, og at han var stor bygselbonde, nemleg av 4 huder krongods, og deriblant truleg Hattestad ødegård. Nett same året finn ein elles innført at broren Jon Andersen fekk 1. bygsel på ”En ødegaard Hattestad som og bruktes under førnevnte Hoff, men nu er lagt for 1 hud i landskyld”. Snart etter vart så Hattestad ødegård delt mellom dei to Hovsgardane og framleis brukt som slåtte- og beiteland. Men samtidig med dette budde det altså også eigne oppsittarar på Hattestad. I manntallet for Kvegskatten 1657 er det såleis fortalt at ein brukar på Hattestad da heitte Erik, og at husdyrhaldet på garden hans i den tid var: 1 hest, 5 naut og 7 småkrøter.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Hattestad” oppgitt at det var to bruk av dette namnet. Det var Hattestad, ”Ødegaard och Field Engeland under Hoff” da av skyld 1 hud 1 skinn, som låg til Kongen, men som Iffuer da var brukar av. Men dessutan var det og eit Hattestad av skyld 1 skinn som og låg til Kongen, men som Erich Hattestad var brukar av. Om dette Hattestad er det så elles fortalt at ”Engen”, innmarka var temmelig goed og at meir kunne dyrkast. Det var skog nok til ”gaards Nøtte”, og korntienda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner.

Frå året etter er eit tingsvitnemål av 1669 der Erich Hattestad beklager sig for retten over at hans ”gaard med bohove og formue var ødelagt av ildebrand under en stor storm nu forgagne høst, hvilket almuen brekrefet.” Ni år seinare er det i 1678 opplyst at Erich framleis var bygslar og brukar av sitt Hattestad. Men i 1693 da det er oppgitt at Hattestad hørde med i 3. soldat-legd i Fåberg, var det

O l l e som hadde tatt over og var bygslar og brukar av Hattestad. Den innrullerte soldat frå Hattestad i den tid var elles ”Knud Erichsen tienniste Dreng 30 år.”

Frå denne tida er elles eit skjøte som vart tinglese på Mælum i Fåberg den 19. mars 1684, og som i utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Hattestad i Fåberg.

Mellem i Fåberg 19. mars 1684.

Skjøte fra Kiersten Tønsberg sl. Niels Tolders til Olle Pedersen på hennes gård Hattestad i Fåberg av skyld 1 skind med bøkse.

Etter dette var altså Ole Pedersen blitt odelseigande bonde av bruket sitt garden Hattestad av skyld 1 skinn med bygselrett.

Om eigendomsretten til engelandet Hestvelt som ligg like opp mot kjølen handlar ei sak av 25. juni 1701. Ei utskrift av tingboka gir elles desse opplysningane om saka:

”Hestvelta i Fåberg.

Gustum i Fåberg 25. juni 1701.

Major Otto Brochenhuus stevner Olle Hattestad til å fremlegge bevisligheter ang. sin adgang til den på Rønne eiendeler opryddede plads Heste Vælten.

Avsagt: Efter de avlagte vidneprov ligger den omtvistede plads Hestvelten i Rønnes hjemraster, og da Olle Hattestad frivillig har tilbudt å avstå samme, så skal plassen Hestvelten herefter tilhøre major Brokenhus på hans gaard Rønne.”

Året etter var i 1702 husbonden Olle Pedersen død, og det var arveskifte på ”Hattestad i Faaberg”. Ved dette skiftet var sikkert jordegodset grd. Hattestad medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde netto 207 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enka Berthe Erichsdtr. dei 3 borna i ekteskapet, nemleg: a. Peder, b. Anne, c. Ragnil.

Tre år seinare var det i 1705 sonen Peder Olsen Hattestad som hadde tatt over og var eigar og brukar av Hattestad. Han kjøpte da og fekk skjøte på den før omstridde plassen Hestvelta av oberst Jørgen Otto Brochenhuus på Røine.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Hattestad vidare oppgitt at garden ligg i sollia, men jordarten der er ”koldlent”, og garden var tingbrukt. Det er elles opplyst at det var rikelig med skog og seter med god hamn. Buskapen var da 3 hestar, 20 naut, 20 sauer og 16 geiter, og den årlege utsæd av korn var kring 3 tønner bygg. Eigar og brukar av garden var framleis Peder Olsen, og landskylda var framleis 1 skinn, men matrikkelkommisjonen gjorde da framleg om at skulda skulle høgast til 1 hud 3 skinn.

Ni år seinare var det så i 1732 synfaring og ny skyldsetting i Hattestad, og garden vart da skyldlagt til 8 skinn. Etter nye ni år var i 1741 husbonden Peder Olsen død, og det var da atter arveskifte på ”Hattestad i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet grd. Hattestad og Ødegaarden Hestvelten skyldsett til 8 skinn, og arvebuet utgjorde brutto 400 rd. og netto 355 rd. Arvingane ved skiftet var dei 4 borna, som visstnok alle var tilstades. Dei var: 1. Ole, som da var gift og budde på garden, 2. Peder, som var 27 år, 3. Eli, som var gift med Ole Iversen Frujord, 4. Beret, som var 23 år.

Samtidig fekk så eldste sonen, Ole Pedersen, søskenskjøte på grd. Hattestad av skyld 8 skinn for kjøpesum 105 rd.

Den nye husbonden, Ole Pedersen Hattestad, var gift med Kirsti Olsdtr., og dei fekk isaman 6 born. Dei var: 1. Marit f. 1739, 2. Ole f. 1740, 3. Berit f. 1745, 4. Per f. 1749, død same året, 5. Kari f. 1751, 6. Peer f. 1752.

I 1749 fekk Ole Pedersen Hattestad ordna det slik at garden fekk ei ny seter. Om dette fortel panteboka av 17. febr. 1749 slik:

”Hattestad.

Bevillingsseddel dat. 17. febr. 1749 tgl. s.d. Da Ole Hattestad og Baard Furru er indbyrdes forenet om at Ole Hattestad for eftertiden skal setre på Old Kind Sæteren og Baard Furru for sin gård skal setre på Døe(s)seteren hvor Ole Hattestad for sin gård har setret, så bevilger foged Chr. Pram Ole Hattestad for fremtiden å setre og havne for hans gård på Old Kind Sæteren, imot at han årlig betaler 2 s. for 1 lass hø til Kongens jordebok.”

Tretten år seinare fekk og Ole Pedersen Hattestad ”Fogdens bevilling på endel Høsletter på Siøholerne”, som truleg låg i nærleiken av Sjøgvatnet.

Bruket Høgsvea på gamle Hattestads grunn vart tidleg utbygd til ein heller liten g a r d. Både åkrane og dei heller store husa i Høgsveen fortalde tydeleg om det. – Høgsvea ligg høgt opp mot Kjølén, og der var store skogar med både storvilt og småvilt. For folk som dreiv jakt og fangst, var her ein ideell stad å bu. Det er ikkje så mange stader at årfuglen leikar og spelar på åkrane like fram til husa. Men det gjorde han her i Høgsveen. Den som skriv dette, har sjølv skote spelfugl på åkrane der. Der beitte og haren på tidleg grøn groe.

I år 1744 hadde brukaren der i Høgsveen det klangfulle namnet Bård Gutormson, og han og kona hans, som heitte Mari, hadde fleire born. Det var Lars og Amund, Nils og Malene, men fleire av borna døde av smittsam sjukdom. Og i 1798 døde og gamle Bård Gutormson sjølv, da 85 år gamal. Etter kvart vart det elles slik at Høgsvea meir og meir vart brukt saman med hovudbruket Hattestad.

Ole Olsen f. 1740 var framleis eigar og brukar av Hattestad med Høgsvea i 1788. Om det fortel ei sak som det sikkert vart tala mye om, og som etter utskrift av tingboka er referert slik:

”Faaberg 16. febr. 1788.

Ifølge Cancelliets skrivelse til Amtet av 24. septb. 1787 blev for den tilstedeværende almue opplest den til Kongen innkomne ansøgning av 21. juli 1787 ang. odelsrettens avskaffelse. I anledning herav blev almuen tilspurt om den var for at odelsretten skulde vedbli eller avskaffes. Hertil ble således svart: Christen Gustum, Ole Rindal, Iver Ersgaard, Jens Waattestad ønskede odelsrettens avskaffelse. Derimot svarte Erich Jørstad, Arne Jørstad, Halvor Lien, Christopher Døsen, Ole Dalen, Frederich Lundgaarden, Peder Jørstad, Thord Smestad, Ole Alvsberg, Niels Bierche, Erich Opjordet, ønskede dens vedblivelse. Da almuen ikke blev enige om det avfordrede svar, bad de om betenkningstid og vilde komme med svar innen tingets slutning.

Fol.59 a.

Ole Hattestad, Amund Oudenhuus, Ole Ovren, Ole Houger, Christen Mællum, Peder Haav, Lars Guttestad, Christen Rinden, Halvor Qval fremstod og svarte at de ønskede at odelsretten skal vedbli. Forøvrig kunde man intet svar erholde hverken fra eller til efter tilspørsel og paarop av den tilstedeværende almue. Hvorefter tingvidnet blev sluttet.”

Ole Olsen f. 1740 brukte så Hattestad med Høgsvea til o 1798, da han skjøta garden over til eldste sonen, Jon Olsen for kjøpesum 650 rd. + føderåd til foreldra for resten av levetida. Av arveskiftet i samband med handelen går det elles fram at søster til kjøparen, Kirsti Olsdr. Hattestad da var gift med Ole Christensen Lien i Saksumsdalen. Etter arvebuet som da var på brutto 899 rd. og netto 669 rd., var det elles nærast velstand på Hattestad i den tid.

I 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 3 familiar på Hattestad. Dei var:

1.familie: 1. Jon Olsen, husbonden 28 år, 2. Thomas Svendsen, tenestkar, "Gevorben Soldat", 33 år, 3. Martha Pedersdr., tenestkvinne, 16 år, 4. Goro Rasmusdr., tenestkvinne, 18 år, 5. Anne Larsdr., "nyder Lægd" 8 år.

2.familie: 1. Ole Olsen, føderådsman, 61 år, 2. Guri Jonsdr., kona hans, 51 år, 3. Ole Olsen, son deres, 11 år.

3.familie: 1. Ole Bårdsen, husmann med jord, skomaker, 60 år, Goro Jensdr., kona hans, 60 år, 3. Peder Olsen, son deres, skomaker, 23 år.

Husbonden Jon Olsen Hattestad f. 1773 gifta seg i 1802 med Mari Olsdr. Bratberg, og dei hadde 7 born. Det var: a. Guri f. 1803, b. Anne f. 1804, c. Ole f. 1806, d. Ola f. 1808, e. Karen f. 1810, f. Even f. 1812, g. Berit f. 1814.

Men Jon Olsen Hattestad fekk etter kvart mange slags gjeld, og i 1807 lånte han så 1400 rd. av lensmann Anders Lysgård på Svenes mot pant i garden med lausøyre. Ved ei takst der seks år før var elles jordveigen på Hattestad da taksert til 900 rd. og bygningane til 100 rd. Frå denne tid er og ein kontrakt av 1808 med påteging av 1814 og 1835 om at engeland Hestvold (Hestvelta) østre, Høgsvea, årleg skal svara ei avgift til garden Hattestad med 12 skilling.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. Hattestad oppgitt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 2 hestar og 10 naut og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 30 tønner. Samtidig er det om det da sjølstendige bruk Høgsveen oppgitt at der var buskapen av store husdyr 1 hest og 5 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 15 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. – Hattestad fekk da som si nye matrikkelskyld 3 skylddalar 4 ort 22 skilling, og det var da Halvor Jevne som var eigar eller brukar av Hattestad, da skrive Hatlestad. Samtidig var den nye matrikkelskyld av Høgsveen med Hestvold Engeland sett til 2 skylddalar 1 ort 10 skilling, og det var i den tid husbonden Jon f. 1775 som var eigar og/eller brukar av Høgsveen.

Men året etter var i 1839 husbonden Jon Olsen død, og det var da skifte i "Høgsveen i Lillehammer, Faaberg". Ved dette skifte var framleis den økonomiske stoda på garden skral, og det er oppgitt at arvebuet da utgjorde brutto 172 rd. og netto 145. Arvingane ved skiftet var forutan enka Mari Olsdr., dei 7 vaksne borna, som framleis alle var i live. Av dei var Anne da 35 år, Ole var 33, Ola: 31, Karen: 30, Even: 28, og Beret var 26 år.

Det er om mora Mari Høgsveen det er fortalt at i den tid sønene var unge, var ho ofte med og såg på og gav dei gode råd når dei slost. Ho skulle da ha ei regle som ho ofte tok oppatt, og som lydte slik: "Så Ole! – Så Ola! – Han er sterkare han Ola enn 'n Ole." Og han Ola, som

lenge var yrkessoldat var nok sterk, men dei sa og at 'Ola Høgsveen var ein lat kar som helst ville ligge og dra seg.

I 1840-50-åra var det så fleire handlar med parsellar av det gamle Hattestad. I 1842 selde såleis Ole Jonsen Høgsveen eigedomen til Christoffer Christensen, og fem år seinare skjøte i 1847 Ole Jonsen Høgsveen også ein annan parsell unna Høgsveen. Det var Høgsveløkka, som han da selde til Peder Christensen Hattestad. Åtte år seinare var det atter handel med ein parsell av Høgsveen, og broren Ole Jonsen den eldre skjøta da Høgsve-Hagen til broren Ola den yngre.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om bruket Høgsveen oppgitt at det da var oppdelt i 4 løpenummer og at bruket Hattestad var oppdelt i 2 løpenr. Dei 4 løpenr. under Høgsveen var da: 16a Høgsveen med sit jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje på tilsm. 63 mål, som Lars Halgrimsen da var eigar og/eller brukar av, løpenr. 16d Høgsveen med eit jordbruksareal på ca. 12 mål, som Ole Jonsen, junior, var eigar og/eller brukar av, løpenr. 16c Høgsveen, jordbruksareal 21 mål, som Peder Hattestad var eigar og brukar av, løpenr. 16b. Høgsveen med eit jordbruksareal på 37 mål, som Christofer Mæhlum var eigar eller brukar av. Samtidig var dei tilsvarende løpenr. under Hattestad: løpenr. 17b Hattestad med eit tilsvarende areal av 69 mål, som Anders Hattestad da var eigar og brukar av, løpenr. 17 a c Hattestad, areal 86 mål, som i den tid Rasmus Christensens enke var eigar og brukar av.

Etter atter seks år selde så i 1871 Lars Halgrimsen løpenr. 16a "Høgsveløkken" m.m. til Peder Chr. Hattestad for kjøpesum 200 spd. og etter atter 8 år skjøta i 1879 faren Peder Rasmusen denne eigedomen over til sonen Rasmus Hattestad for kjøpesum kr. 1 000,-. – Rasmus Hattestad, som her blir nemnt, vil vera godt kjent blant eldre under namnet snekker Rasmus Hattestad. Han skaffa seg hus med verkstad og hage på Vingnes, og dreiv der sin eigen trevarefabrikk saman med sønene sine i ei årrekke. Snekker Rasmus Hattestad hadde ei uvanleg god helse og stod ved høvelbenken mest kvar yrkedag til han var over 90 år. Sonen Torvald, Thv. Hattestad, flytte til Lillehammer og vil vera velkjent under namnet snekkermester Thv. Hattestad, som i ei årrekke leidde snekkerarbeidet ved Nymo Bruk, Lillehammer.

Kring den tid gav og i 1881 Kristian Kristoffersen Mæhlum skjøte til Even Johansen Hattestad og hustru Thea Rasmusdtr. på løpenr. 16b. Høgsveen, Hestvold Engeland, vestre og Høgsveen for kjøpesum kr. 260,-. Vidare tek vi så med at i 1884 selde Ole Jonsens enke Anne Amundsdr. løpenr. 16d. Hagen, Hattestadhagen, til Hans Hansen for kjøpesum kr. 240,- og livsopphald eller føderåd til seljaren. Året etter gav og Peder Kristensen Hattestad skjøte til sonen Johan Pedersen på løpenr. 16c for kjøpesum kr. 800,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 500,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og –øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Høgsveen i Vingrom fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 17 av samla skyld 3,38 mark, og det var da 6 bruksnr. under gardsnr. 17 Høgsveen. Dei 6 bruksnummer var: Gr. 17 brn. 1 Høgsveen av skyld 1,11 mark, som framleis tilhørde Lars Halgrimsen, grn. 17 brn. 2 Hestvelta østre, skyld 0,26 mark, eigar og brukar: Ole Pedersen, grn. 17 brn. 3 Løkken av skyld 0,90 mark, som framleis Peder Kristensen Hattestad var eigar og brukar av, grn. 17 brn. 4 Hagen, skyld 0,18 mark, eigar og brukar: Hans Hansen, grn. 17 brn. 5 Løkken av skyld 0,67 mark, som altså tilhørde Rasmus Hattestad, grn. 17 brn. 6 Hestvelta vestre skyld 0,26 mark,

Even Johansen Hattestad var eigar og brukar av. Samtidig fekk i den nye matrikkelen grd. Hattestad gardsnr. 18 av samla skyld 6,82 mark og det var da 2 brn. under Hattestad. Dei 2 bruksnr. under Hattestad var: Grn. 18 brn. 1 Hattestad av skyld 2,34 mark som Rasmus Kristensen framleis var eigar og brukar av, grn. 18 brn. 2 Hattestad, som da tilhørde Anders Olsen Døsen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at under Høgsveen grn. 17 hadde Ole Kr. Ovren tilhandla seg brn. 1 Høgsveen av skyld 1,11 mark, og brn. 2 og brn. 5 var overtatt av Johan P. Hattestad. Vidare hadde på grn. 18 Hattestad brukaren Even Johansen overtatt brn. 1, og ny brukar P. Hansen Vottestad hadde tatt over som eigar og brukar av Hattestad brn. 2.

Even Johansen Vottestad var gift med Thea Rasmusdr. f. Hattestad, og dei hadde 3 born, nemleg sønene: a. Rasmus f. 1875, b. Johan f. ?, c. Sigurd f. 1891. Even Johansen Hattestad dreiv ikkje så lite med smiing ved sida av at han var ein dugande gardbrukar. Sonen Johan Hattestad var ein av dei mange som i den tid reiste til Amerika.

Som enda eit streif fra nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1907 budde det 16 personar med røysterett på det gamle Hattestads grunn. Dei 16 var: a. På Hattestad nedre: 1. gardbr. Johan Hattestad, 59 år, 2. husmor Eli Hattestad, kona hans, 57 år. b. På Hattestad midtre: 1. gardbr. Even J. Hattestad, 60 år, 2. husmor Thea Hattestad, kona hans, 60 år, 3. Rasmus Hattestad, gardbr. son, 32 år. c. På Hattestad øvre: 1. gardbr. Petter H. Vottestad, 56 år, 2. husmor Ingeborg Vottestad, 3. Kristian R. Hattestad, arbeidar, 64 år, kona hans, ?, 40 år. d. I Høgsveen: 1. gardbr. Ole Kr. Ovren, 48 år, 2. husmor Fredrikke Ovren, kona hans, 56 år. e. På Hagen: 1. gardbr. Hans H. Dalum, 62 år, 2. husmor Johanne Dalum, kona hans, 59 år. f. På Hofsdødegården: 1. gardbr. Bernt L. Hofsdødegården, 35 år, 2. husmor Mari E. Hofsdødegården, kona hans. g. På Solheim: 1. gardbr. Tobias M. Solheim, 40 år, 2. husmor Oline Kr. Solheim, kona hans, 45 år.

Bernt og Mari Hofsdødegården som i 1907 var brukarfolk på øvre Hofsdødegården, hadde 5 born, nemleg Otilie, Kristine, Emil, Liv og Ivar. Desse søskena var som vaksne alle sterkare knytt til grn. 18, 17 brn. 1,6 midtre Hattestad, der Otilie i 1922 flytte inn som kona til Sigurd Evensen Hattestad. Sigurd og Otilie brukte så Hattestad nedre til dei i 1948 selde den til Odv. Normann som i 1953 skjøta garden over til Emil Ødegård og sonen Birger E. Ødegård. Sigurd og Otilie bygde seg da nytt hus på tomt av nedre Hattestad, der dei framleis bur.

Lovise Hansdr. på Hofsdødegården nedre hadde ein son namn Ingvald Iversen, som vil vera betre kjent som Ingvald Fjell. Han og kona hans, Karen Geitsveen, hadde visstnok fleire born, men sonen ingeniør Ivar Fjell ved Hunderfossanlegget står truleg i ei særklasse.

Brukarfolk på midtre Hattestad var i 1907 Even J. Vottestad og hustru Thea f. Hattestad. Dei hadde forutan sonen Rasmus f. 1875 og sonen Johan, som utvandra til Amerika, også sonen Sigurd f. 1891. Sigurd gift med Otilie Ødegård, overtok så Hattestad midtre og brukte garden til i 1922, da dei gav skjøte til Odv. Normann, som snart etter selde garden att til Emil og Birger Ødegård.

Johan P. Hattestad, som i 1907 hadde nedre Hattestad, var ein yngre bror av snekker Rasmus Hattestad på Vingnes, og Johan dreiv heller ikkje så lite med snekring ved sida av gardsbruket. Johan P. Hattestad gifte seg i 1886 med Eli Olsdr. Kindlien, som da to gonger og ialt 9 år hadde vore i Amerika. Johan og Eli Hattestad fekk så i sitt samliv 3 born. Dei var:

1. Per f. 1887, som i 1919 gifta seg med Hilda Sundby frå Holter og tok over og brukte nedre Hattestad samvetsfullt og godt i ei årrekke. Per og Hilda Hattestad hadde 3 born, 3 døtre, nemleg a. Eli f. 1920, som er gift med Kristian Nyseth og saman med han framleis bruker ættergarden nedre Hattestad, b. Jorunn f. 1922, g.m. Johannes Nilsen, Oslo, c. Hildur Marit, g.m. Einar Nilsen, Lillehammer;
2. Olav Aksel f. 1891, fylkesskulelæraren, som og skriv dette; Aksel Hattestad vart i 1922 gift med Sigrid Funderud, Mysen, og dei fekk fire born, nemleg: a. Eldrid, f. 1922, g. 1946 m. Torgeir Fryjordet, Elverum, b. Kjellaug f. 1925, g. 1946 m. Thorleif Alver-Johannessen, Røros, c. Marit f. 1931, g. 1959 m. Alf Syversen, Oslo, d. Johan Olav f. 1936, g. 1964 m. Eva Lied Sigernes, Oslo.
3. Marit Martha f. 1895, g. 1919 m. bonden og ungdomsføraren Trond Vigerust, Dovre, som i ei årrekke var form. i Gudbr. Ungdomslag. Trond og Marit Vigerust fekk så i tida frå 1920 til 1933 sju born. Dei er: a. Aud Eldri f. 1920, b. Jacob Geirmund f. 1921, c. Eldbjørg Jorun f. 1923, d. Vegard Jostein f. 1925, e. Terje Magne f. 1928, f. Steinar Brynjulf, f. 1930, g. Hilderunn Vebjørg f. 1933.